

Avtale mellom Bygdelaget 5915 og Lindås kommune angående økonomisk bidrag til «Storstoveprosjektet»

Det er inngått avtale mellom Bygdelaget 5915 og Lindås kommune om eit økonomisk bidrag til bygging av Storstove på Leiknes.

Avtalen er juridisk bindande, og fell bort dersom utbygginga ikkje vert gjennomført. Bygginga er i gang, og hallen forventast fullført i mars 2017.

Økonomisk bidrag frå Bygdelaget 5915:

Kr. 1 700 000,- til faste midlar som skal inngå i prosjektet. Innbetalinga delast i to like delar.

Kr. 850 000,- skal innbetalast innan 01.09.2016.

Kr. 850 000,- skal innbetalast innan 01.02.2017.

Innbetalingane skal gå til Lindås kommune sitt kontonummer 3201 05 89311.

Merkast «Bidrag frå Bygdelaget 5915 - Leiknes skule-Storstove ved Terje Fauske.

Av beløpet på kr. 1.700.000,- skal kr. 200.000,- nyttast til lydanlegg, inne og ute(på utescene).

Økonomisk bidrag frå Bygdelaget 5915 til utomhusarbeid:

Bygdelaget 5915 har og gitt tilsegn på kr. **500 000,-** til opparbeiding av utearealet.

Kr. 200.000,- spesifisert ovafor går til frådrag av denne summen. Etter dette står det att kr. 300.000,- av denne tilsegna. Verdi av dugnad kan inngå i beløpet.

Midlane skal primært gå til installasjonar som legg til rette for auka aktivitet for skuleborna samstundes som installasjonane skal vera tilgjengelege for bygdefolket utanom skulen si opningstid. Plan for dette vert utarbeid i samarbeid med skulen og FAU. Ved bruk av disse midlane skal Bygdelaget 5915 godkjenne investeringa på førehand.

16/2-16
Dato og signatur
Lindås kommune v/ einingsleiar for
eigedomsavdelinga – Therese Braseth



8/2-16 Cato Lyngøy
Dato og signatur
Bygdelaget 5915
Representert ved leiar Cato Lyngøy

